

Merknadar til kommuneplan samfunnsdel

Innleiing

Kommuneplanen vart vedteken lagt ut på høyring den 07.04, med frist til uttale til den 23.05.2022.

I høyringsperioden vart det halde høyringsmøte med ungdomsrådet, Årdal eldreråd og Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Det kom inn 11 eksterne uttalar. I tillegg er det tatt med som punkt 12 innspel frå administrasjonen i kommunen. Kvar einskild uttale ligg som vedlegg til sak til politisk handsaming.

Nedanfor er innspela systematisert med merknad om korleis merknaden er vurdert og om det har ført til endringar i plandokumentet.

Høyringsinnspel

Høyringsinnspela er ikkje rangert, berre nummerert for å lette drøftingane i etterkant. Der ein høyringsinstans har gitt fleire ulike merknadar er desse kommentert kvar for seg.

Nr.	Kven	Merknad	Vurdering
1.	Seimsdalsstrondi	Ynskjer å få med utvikling av strand- og sjøareala i Seimsdalen	Formuleringane under strategiane gjev rom for å utvikle strandområda. Konkret har vi lagt inn Seimsdalen som namn saman med Tangen i kap.2.3, delmål 1 og kulepunkt 3.
2.	Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Årdal Eldreråd	<p>Peikar på kor viktig det er å nytte omgropa om at Årdal er eitt samfunn for å unngå diskusjon mellom Øvre og Tangen.</p> <p>Støttar dei felles overordna måla og meiner ein ikkje må gå akkord med fyrste og siste overordna mål.</p> <p>Kap 2.1: Klima, energi og miljø, delmål 2: Legge til rette for fossilfri transport.</p> <p>Dei ynskjer at planen skal vere meir konkret t.d. ved å etablere ladestasjonar</p> <p>Dei ynskjer og fokus på å marknadsføre kollektivtilboda i bygda betre, m.a. ringbussen.</p>	<p>Ikkje behov for å gjere endringar i plandokumentet.</p> <p>Utbygging av ladestasjonar er dekka opp under kap 2.7.</p> <p>Info om kollektivtilboda bør ligge på kap 2.7, delmål 1. Komplettere punkt som er der i dag.</p>
		<p>Kap 2.2: Årdal som Nasjonalparkkommune, delmål 3: Ynskjer meir skilting inn mot Nasjonalparkkommunen, frå Bergen, Borgund, Lærdal og frå Tyin, Sognefjellet og Tindevegen.</p> <p>I planen er dei to utebassenga nemnt og dei ynskjer ingen diskusjon rundt deira eksistens.</p>	<p>Endring av skilt og informasjon langs vegane vil vere tiltak som blir dekt opp av strategiane i kulepunkta, men det er ikkje noko i vegen for å legge inn eit spesifikt punkt opp skilting/informasjon langs innfallsvegane.</p>

		<p>Kap 2.3: Bustadtilbod og gode bumiljø</p> <p>Dei ynskjer ein offensiv diskusjon med lokale aktørar og vil starte diskusjon om bruk av eksisterande bygningsmasse innanfor helse omsorg, parallelt med diskusjon om nytt bygg.</p> <p>T.d. bygge om til bustadar.</p>	<p>Ynskje om aktiv medverknad i bustadbygging og vurderingar av framtidig bruk av bygg, vert dekt opp av kulepunkt under delmål 2.</p> <p>Ikkje behov for endringar i plandokumentet.</p>
		<p>Kap 2.4: Helse og omsorg</p> <p>Dei peikar på at det er viktig med ryddig og ærleg og informasjon om nytt helsesenter for å dempe konfliktar.</p>	<p>Ikkje behov for endringar i plandokumentet.</p>
		<p>Kap 2.4, delmål 2. Ikkje naudsynt å stille krav om universell utforming</p>	<p>Krava ligg i lovverket, men er tatt med for å sette fokus på det, av di det ofte ikkje vert følgt opp i praksis.</p>
		<p>Kap 2.5: Oppvekst og kultur</p> <p>Delmål 4: Når ein her nemner gode tilbod om helsefagutdanning bør også Teknologi, industrifag.</p> <p>Kjemi, prosess og laboratoriefag inn.</p> <p>Dei meiner vi saman med Teknologisenteret og andre aktørar, må få til god marknadsføring av tilboda og mulegheitene for arbeid</p> <p>Ynskjer fokus på rekruttering av menn til undervisningsstillingar.</p>	<p>Vi har utvide eksisterande kulepunkt for å få med større bredde i lokale behov, og at det er tilpassa behov for arbeidskraft.</p> <p>Ta med eit eige punkt om marknadsføring under same delmål.</p> <p>Kan ta med eit nytt kulepunkt under delmål 1, eller legge det under kap 2.9, delmål 5.</p>
		<p>Kap 2.7: Transportstrategiar. Dei reagerer på teksten om å redusere parkering på torget, og etterlyser status på konkrete planar for utvikling av uteområda i sentrum Øvre, m.a. rundt Gamleskulen.</p> <p>Dei kjem og med ein ide om å nytte parkeringsplassane ved skulane om sommaren</p>	<p>Det er eit dilemma i Øvre med for få parkeringsplassar i sentrum og ynskje om meir plass for folk. Det er ikkje gjort analysar av dette. Vi kan endre teksten om det er ynskjeleg. Parkeringsplassane ved skulane og skuleplassane kan kanskje nyttast til parkering av bubar m.m., men det bør gjerast ei analyse opp mot anna bruk før ein set det inn som strategiar.</p>
3.	Årdal kyrkjelege fellesråd	<p>Dei peikar på at kyrkjene i Årdal er viktige bruksbygg for innbyggjarane i kommunen og ynskjer å framheva viktigheita av å bevare dei to kyrkjene både</p>	<p>Kyrkjebygga som kulturaréna og bruk må inn som del av kommunedelplan for OK.</p>

		<p>med omsyn til den dagleg bruk av bygga og av di dei representerer viktige og uerstattelege kulturverdiar. Dei seier og at gravplassane ligg som grøne parkanlegg sentralt i tettstadane.</p> <p>Framlegga er knytt til økonomi for å sikre vedlikehald framover og at pårørande får verdige råmer rundt gravferdene.</p>	<p>Sikring av økonomi må inn i handlingsprogram/økonomiplan, og ikkje i sjølve plandelen.</p>
4.	Årdal Utvikling	<p>Innspelet gjeld punkt 2.1 Klima, energi og miljø, og fylkeskommunen sitt prosjekt Grøn region Vestland, med vekt på potensial for verdiskaping og grøn konkurranseskraft i Vestland. For å lykkast med dette er tilgang på fornybar kraft ein føresetnad. Dei peikar på at Årdal kommune som industrikommune har eit stort potensiale for grøn næringsutvikling og at potensialet for industrielle symbiosar og klimagevinstar av dette bør inn i kommuneplanen.</p> <p>Det same gjeld å bidra til tilrettelegging for å gjere tilgjengeleg meir fornybar kraft og utnytte fordelane av stor lokal kraftproduksjon.</p> <p>Årdal kommune bør aktivt legge til rette for at konsesjonskrafa vert disponert slik at den gir best utbytte for kommunen, og bidra til å realisere prosjekt innan sirkulærøkonomi og grøn næringsutvikling.</p>	<p>I kap. 2.1 er det no lagt inn eit eige delmål knytt til <i>Grøn energi vestland</i>.</p> <p>Det er og mogleg å legge inn nye kulepunkt under delmål 1 for å presisere strategiane om bruk av og produksjon av kraft.</p> <p>Alternativt kan ein lage eit eige delmål med strategiar for <i>Grøn region Vestland</i></p>
5.	Årdal næringssamskipnad	Kap 2.5 Oppvekst og kultur: Styrke samarbeid med Sogndal VGS i høve utdanning, t.d. gjennom teams undervisning, for å halde på klassar og elevar i nærområde.	Det er gjort framlegg til endringar i planen for å få fram dette
		Kap 2.6 Verdiskaping. Det bør kome fram at ein ynskjer å legge til rette for at alt næringsliv som reiseliv, handel og tenesteyting	Det er gjort endringar i eit kulepunkt under delmål 1, ved at andre næringar er lagt til.

		<p>kan utvikle seg, ikkje berre industri</p> <p>Kap 2.7 Transportstrategiar. Dei er negative til å redusere parkeringsarealet på torget av di det vil ha konsekvensar for handel og serveringsbedriftene i Øvre Årdal, må sjå på alternative parkeringar, særleg om sumaren.</p> <p>Bør ha aktiv marknadsføring av vegstrekningane frå Fodnes og Tyinkrysset til Turtagrø via Tindevegen som turistrute og ordinære reisande.</p> <p>Kommunen bør arbeide for ein samordna plan for rastepllassar og skilting i samarbeid med gjeldande myndigheiter med innspel frå dei næringsdrivande.</p>	<p>Det kan vere ein konflikt mellom parkering og anna arealbruk i sentrum. Vi må bidra til å utvikle eit triveleg sentrum der det og er plass for parkering. Det er lagt til eit kulepunkt om parkering under delmål 2.</p> <p>Har lagt til eit kulepunkt under kap 2.2 Nasjonalpark, delmål 3, om marknadsføring av reiser via Tindevegen.</p> <p>Har lagt til eit kulepunkt under delmål 4 (kap 2.7) om utvikling av rastepllassar og informasjonstavler.</p>
		<p>2.8 Arealstrategi</p> <p>Behov for å gå gjennom flaumsonekart og skredfarekartlegging for å avdekke om eksisterande bygg er bandlagt for utvikling, og eventuelt gjere tiltak i høve det.</p> <p>Det går føre seg ei omfattande utbygging i fjella rund Årdal, m.a. Filefjell. Årdal bør sjå sin arealstrategi i fjellområder i lys av dette.</p>	<p>NVE skal gjennomføre ei nærmare kartlegging på eksisterande bygg/anlegg og resten av bygda i 2023.</p> <p>Planen legg ikkje opp til auka nedbygging av naturområde i form av hytter el. a., slik det vert gjort på/ved Filefjell.</p> <p>Næringslivet bør søkje å utnytte utbyggingane i Vang i eigne utviklingsstrategiar.</p>
6.	Visit Årdal	<p>Generelt meiner dei planen er eit godt grunnlag for utviklinga i Årdal.</p> <p>Positive til at det er fokus på nasjonalparkkommune og rolla for vern og skjøtsel av Nasjonalparken, men meiner det er mindre tydeleg i rolla for å utvikle besøksnæringane.</p> <p>Under 'Felles overordna mål for 2022 – 2030' gjer dei framlegg om at prikkpunkt 4 får slik ordlyd:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Vekst i tal arbeidsplassar er basert på grøn teknologi, sirkulærøkonomi og utvikling av besøksnæringar.</i> 	<p>I planen er det ikkje lagt inn framlegg om endring av overordna felles mål, slik Visit Årdal gjer framlegg om. Dette ville lagt vekta for mykje på spesielle næringar. Alle næringane og utvikling av dei er fanga opp i kap. 2.6: Verdiskaping.</p> <p>Dei overordna måla er meir generelle og skal gå på tankegodset. Grøn teknologi og sirkulærøkonomi skal og gjelde besøksnæringar.</p>

		<p>Dei gjer framlegg under kap 2.2. Nasjonalparkkommune, om nytt prikkpunkt under delmål 1:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Brukar statusen som nasjonalparkkommune til å utvikle besøksnæringane på ein berekraftig måte. <p>Og under same kap 2.2., delmål 3, at prikkpunkt 9 får slik ordlyd:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrker Tindevegen Årdal – Turtagrø og den historiske Tunnelvegen Sletterust – 400meteren som turistattraksjonar og viktige element i bruk og vern av nasjonalparken. 	Framlegget er tatt med som endring i planen.
		<p>Kap 2.7. Transportstrategiar, står det i omtalen at det er ynskjeleg å redusere parkering på torget og bruke areal som oppholdsareal. Visit Årdal har same merknad som Årdal næringsksamskipnad, der dei rår frå å redusere parkeringsareal på torget i Øvre, særleg om sumaren. Så her må ein sjå på alternative løysingar.</p>	<p>Parkering er viktig for handel m.m., men erfaring frå andre tettstadar viser og at god tilrettelegging for parkering i nærleiken, og auka trivsel aktivitet i sentrale parkområda, gjer det meir attraktivt å bruke tid i sentrum, særleg for besøkande.</p> <p>Det er lagt til eit kulepunkt om parkering under kap 2.7, delmål 2.</p>
7.	Mattilsynet	<p>Innspel til kap 2.8 Arealstrategiar, Delmål 1. Mattilsynet saknar der omtale av at de bruker kommuneplanens arealdel for å setje arealformål og sikringssoner/omsynssoner for eksisterande og framtidige drikkevasskjelder.</p> <p>Planen kunne og hatt med mål for reservevassforsyning for kommunen sine innbyggjarar da forsyning med drikkevatn er samfunnskritisk infrastruktur.</p>	<p>Kommunen si vassforsyning er knytt til borebrønnar i lausmassar. Desse kan vere utsett om det skjer graving eller anna oppstrøms. I arealdelen må det difor ligge inne registrering av anlegga og omsynssoner m.m. Innspela blir formidla inn i arbeidet med arealdelen for å sikre at informasjonen går fram av kart og føresegner. Slik informasjon ligg ikke i gjeldande arealplan.</p>
		<p>Mattilsynet minner om nasjonale mål for vann og helse og vurderingar rundt fellesanlegg, for t.d. hytter, for å sikre hygienisk tilfredsstillande, tenlege og kostnads- og driftseffektive einingar, der det området er prega av ikkje tilfredsstillande</p>	<p>Vi meiner dette punktet er dekt opp i kommunens retningsliner for å etablere vassforsyning for hytter/hytteområder. Innspela vert formidla til teknisk avdeling som handterer nybygg/utvikling.</p>

		separate løysingar og små fellesanlegg.	
8.	NVE	<p>Positive til planframlegget og peikar på at måla i samfunnsdelen bør koplast til strategiar for framtidig arealbruk.</p> <p>Dei kjem med råd til kommunen og arbeidet med vurderingar/kartlegging for å sikre elvar og bekkar ved auka vassmengd grunna i klimaendringane</p>	<p>Vi meiner måla i samfunnsdelen er kopla til framtidig arealbruk og vil følgje dette opp i arbeidet med arealdelen.</p> <p>Dei faglege råda vert sendt over til teknisk etat og deira kontinuerlege arbeid.</p>
9.	Bjørgvin biskop og bispedømeråd	<p>Dei er positive til planutkastet der vi legg vekt på samarbeid mellom dei ulike aktørane i lokalsamfunnet, mellom anna innan oppvekst, kultur og trivsel. Den norske kyrkja er ikkje ein direkte del av kommunen si verksemd, men som del av kommunen si oppgåve med samfunnsbygging, er Den norske kyrkja ein sentral aktør og medspelar for kommunen og innbyggjarane i arbeidet for å byggja eit samfunn der innbyggjarane kan leva eit meiningsfullt liv.</p> <p>Kyrkja forvaltar fellesskap for alle generasjonar, tradisjonar, kulturminne og hendingar som medverkar til dette, og vil bli rekna med som ein viktig samarbeidsaktør i utviklinga av Årdalssamfunnet.</p>	<p>Det er ikkje framlegg til konkrete endringar i planen.</p> <p>I arbeidet med kommunedelplan for Oppvekst og kultur, vil kyrkja bli ein viktig samarbeidsaktør i utvikling av delplanen.</p>
10.	Vestland fylkeskommune	<p>Dei gjev tilbakemelding på at planen er oversiktleg og gjev grei oversikt over mål og føringer for den vidare utviklinga i kommunen.</p> <p>Dei har merka seg at delmåla og strategiane i planframlegget er i samsvarar med måla i <i>Utviklingsplanen for Vestland</i>. Det vil gjere at kommune og fylkeskommune framover kjem til å jobbe i ei felles retning, noko som er avgjerande for å nå</p>	<p>Me tek attendemeldinga til vitande som ei stadfesting på at vi er på rett veg.</p> <p>Ingen endringar i framlegg til plan.</p>

		dei måla kommunen og Vestland fylke har sett seg.	
		Fylkeskommunen har merka seg at vi ikkje har peika ut nokre av berekraftsmåla som vi særskilt vil jobbe med i planperioden, alle måla må sjåast i samanheng for å oppnå miljømessig, økonomisk og sosial berekraft. Likevel rår dei til å omtale berekraftsmåla innanfor kvart tema for betre å sjå samanhengen mellom berekraftsmåla og måla i planen.	Denne merknaden er i samsvar med det vi gjorde i eit tidleg framlegg til plandokument. Då hadde vi med eit til 3-4 berekraftsmål under kvart tema. Dette vart veldig rotete og vi missa viktige element i andre berekraftsmål. Vi vil difor ikkje ta omsyn til dette, men bruke berekraftsmåla som indikatorar i samband med den årlege klimarekneskapen kommunen vil lage. Ingen endringar i framlegg til plan.
		Fylkeskommunen gjev medverknad til at vi i planen ikkje omtalar medverknadsprosessen. Kva vi har gjort og kven som har vore involvert. Dei viser og til kor viktig medverknad og forankring er for gjennomføringa. I planframlegget kjem det ikkje fram kva som er gjort innan medverknad, kva aktørar som er involvert, kva innspel som er kome inn eller korleis det er brukt inn i arbeidet med samfunnsdelen	Vi er einig i forståinga av kor viktig medverknad er. Sidan dette var ei «justering» av det planarbeidet som vart gjort fram mot vedtak i 2019, ville vi ikkje dra i gang ein ny brei medverknad. Dette av di dette skapar plantrøttleik hjå dei som ikkje jobbar med dette til dagleg. Vi har vore målretta i våre medverknadsprosessar og involvert dei aktørane vi meiner planframlegget vil ha størst konsekvensar for. Ingen endringar i framlegg til plan.
		Under tema kommunen som organisasjon er delmål 2 at Årdal har eit oppdatert og levande styringssystem. Tilhøyrande strategiar går på at økonomiplanen er det viktigaste styringsdokumentet og økonomiplanen vert brukt til oppfølging av samfunnsdelen. Vi saknar ei meir detaljert utdjuping av korleis kommunen skal sikre gode koplingar frå overordna plan til økonomiplanen. Føringane er sektorovergripande og det bør gå fram av planen korleis	Kommunen har vald å nytte økonomiplanen til å følgje opp handlingsdelen. Det betyr at måla i samfunnsplanen vil bli nytta i økonomiplanen, og at tiltak som vert fremja for handling i budsjettåret/ økonomiplanperioden, vil bli konkretisert med budsjett i økonomiplanen. For å sikre sektorovergripande tiltak er det kommunedirektøren si leiargruppe som er administrativ ansvarleg, og finansutvalet som er politisk ansvarlig for framlegg

		<p>kommunen tenkjer å sikre at føringane vert implementert i budsjettarbeidet og kven som har ansvar.</p>	<p>til prioriteringar og utarbeiding av eit samla budsjett.</p> <p>Ingen endringar i framlegg til plan.</p>
		<p>Kap 2.1 Klima:</p> <p>Det vert oppfatta positivt at kommunen har høge ambisjonar for klima og miljø og inkluderer dette både som eige plantema og gjennomgåande i planen.</p> <p>Fylkeskommunen ynskjer at vi knyt reduksjon av klimagassutslepp, til eit bestemt årstal.</p> <p>Det er veldig bra at kommunen inkluderer klimarisiko og skal utvikle system for vurdering.</p> <p>Fylkeskommunen oppmodar til at de tek inn eit mål om å bruke naturbaserte løysingar for klimatilpassing.</p> <p>Delmål 2 tek vare på naturen ved å sikra naturmangfaldet og økosistema. I dette ligg det at ein sikrar rein luft, reint vatn og hindrar forureining og forsøpling. For å sikre at omsynet til vassmiljø er godt forankra i kommuneplanen føreslår fylkeskommunen å føye til følgande i arealstrategiane:</p> <p>«Ny arealbruk skal ikkje gjøre at tilstanden av vassførekommstar (elvar, innsjøar, kystvatn, grunnvatn) blir forringa. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.»</p>	<p>Det er alt for prematurt å talfeste reduksjon i klimagassutslepp til eit fast årstal. Statusrapporten som for første gang er laga i samband med planarbeidet, skal lage eit årleg klimarekneskap som gir betre grunnlag for å sette meir konkrete mål og årstal om reduksjon.</p> <p>Kommunen tek råd om å nytte «naturbaserte løysingar» for klimatilpassing til vitande, og meiner dette er godt integrert i arbeidsmetodane som alt er i bruk.</p> <p>Framlegg til tillegg under delmål 2 om tilstand i vassførekommstar m.m. vert lagt inn i revisjon av planen.</p>
		<p>Kap 2.4 Helse</p> <p>Kommuneplanen sin samfunnsdel kan bli ein god folkehelsestrategisk plan for Årdalssamfunnet. Det er ein god raud råd frå kunnskapsgrunnlag/folkehelseoversikta 2019 - 2023 til planstrategien og til mål og satsingsområde i samfunnsdelen.</p>	<p>Vi tek til vitande at planen er og kan bli eit viktig folkehelsepolitisk dokument.</p> <p>Det har ikkje kome opp framlegg om vesentlege endringar. Fylkeskommunen viser til nummererte punkt som ikkje står i planutkastet, så det er litt</p>

		<p>Det styrker kommunen som samfunnsutviklar at folkehelsehelse er løfta fram som sentralt tverrgående omsyn. Dei gjer konkret framlegg om å forsterke innsatsen knytt til aldersvenleg samfunnsplanlegging.</p>	<p>uklart kvar dei vil plassere ulike merknadar.</p> <p>Vi meiner planen er eit godt og langt steg i å drive aldersvenleg samfunnsutvikling.</p> <p>Ingen endringar i framlegg til plan.</p>
		<p>Samfunnsdelen bør i større grad forankre kulturminne og kulturarv som ressurs i lokalsamfunnsutviklinga. I arealstrategiane rår vi til å presiserer at ein skal ta omsyn til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.</p> <p>Fylkeskommunen rår til å kople kultur, idrett, friluftsliv og frivillig arbeid tett til hovudmålet i planen, om eit berekraftig samfunn. Her har det breie kulturfeltet mykje å bidra med.</p>	<p>Kommunen skal lage ein kommunedelplan for Oppvekst og kultur. Her vil mange tema knytt til kultur, kulturminne, frivillig arbeid, idrett m.m. bli tatt opp på breiare basis og legge konkrete føringar for arbeidet framover.</p> <p>Vi ser at det kan vere behov for å kople arbeidet tettare på hovudmålet og har gjort framlegg om eit nytt overordna felles mål for arbeidet.</p>
		<p>Det er gitt merknad til at planen ikkje omtalar innvandring, integrering og mangfold, og difor heller ikkje har sett på korleis kommunen kan sjå på innvandring som ein ressurs.</p>	<p>Kommunen har ein oppdatert plan for integrering, og det har ikkje kome opp eit behov for meir forankring oppover i plansystemet.</p> <p>I handsaming av planen vil vi vurdere dette nærmare.</p>
11. Statsforvaltaren Vestland		<p>Statsforvaltaren startar med å gje ei generell vurdering av planverket og samfunnsplanen generelt.</p> <p>Her peikar dei på at ei omtale av alle hovudutfordringane til kommunen kanskje ikkje har kome like klart fram i planen.</p>	<p>Kommunen har lagt vekt på planens føremål, at samfunnsdelen ikkje skal vere meir omfattande enn naudsynt og vere tilpassa kommunen sitt behov. Difor har vi heller ikkje gått i djupna av å omtale spesifikke utfordringar, meir enn det vi har sett oss tent med.</p>
		<p>Statsforvaltaren kan av planframlegget ikkje sjå at handlingsdelen er særleg omtalt, og skildrar korleis kommunen tenkjer å følgje opp kommuneplanen dei komande åra.</p>	<p>Kommuneplanen er tydeleg på at økonomiplanen utgjer handlingsdelen, slik kommunelova § 14.2 gjev høve til, og vil bli følgt opp som ein del av den ordinære budsjett og økonomiplanprosessen..</p>

		<p>Statsforvaltaren saknar meir utfyllande skildring av klima</p>	<p>Det er rett at det i sjølve plandokumentet er ei relativt kort omtale av tema, men kommunen har for første gong fått utarbeidd eit eige statusdokument for klima, energi og miljø på over 60 sider. Kommunen har for første gang laga eit eige statusdokument for klima, energi og miljø. Dette er svært omfattande, og er ein viktig faktadel til kommuneplanen.</p> <p>Ingen endringar i framlegg til plan.</p>
		<p>Statsforvaltaren saknar eit mål om å utarbeide arealrekneskap, som vi i fråsegnar til varsel om start av planarbeidet trekte fram som eit viktig verkemiddel for kommunen. I planframlegget under pkt. 2.1 Klima, energi og miljø er det under delmål 2 teke inn eit punkt om arealrekneskap, men då knytt berre til «arealtypar». Statsforvaltaren vil presisere at eit arealrekneskap må femne breiare enn naturmangfald.</p>	<p>Planframlegget er endra ved at ein stryk dei to siste orda, under delmål 2 om arealrekneskap.</p> <p>I samband med utarbeiding av ny arealplan er det alt tatt initiativ til å laga eit arealrekneskap, slik statsforvaltaren ynskjer.</p>
		<p>Statsforvaltaren gjev omfattande omtale av arealstrategiar og ulike element ved den. Dei konkluderer med at dei ikkje har avgjerande merknader til arealstrategiane som er lista opp.</p> <p>Dei kan ikkje sjå at det er nokre strategiar som er i direkte konflikt med nasjonale eller regionale føringar eller interesser.</p>	<p>Informasjonen vert teke til vitande.</p> <p>Ingen endringar i framlegg til plan</p>
		<p>Statsforvaltaren har ei lang uttale om sosial bustadpolitikk og viktige element i den. Det er ingen konkrete framlegg til endringar</p>	<p>Kommunen har sterkt fokus på bustadbygging og sosial bustadbygging, mellom anna gjennom eit eige prosjekt knytt til bustadutvikling.</p> <p>Ingen endringar i framlegg til plan</p>
		<p>Statsforvaltaren meiner kommunen må ha mykje større</p>	<p>Kommunen stiller seg uforståande til kritikken frå statsforvaltaren, og kan ikkje sjå</p>

		<p>merksemd på arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap m.a. planprosessar for å førebyggje mot uønskte hendingar.</p> <p>Dei meiner kommunen manglar eit formalisert grunnlag for eit heilskapleg, systematisk og strukturert samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, noko dei meiner er urovekkande.</p>	<p>at samfunnssdelen skal ha stort fokus på denne viktige delen av kommunen sitt arbeid, av di det er etablert eit godt og oppdatert system.</p> <p>For å møte statsforvaltaren på forankringa, er det under kap 2.9, delmål 1, tatt med eit eige punkt om kommunen sitt arbeid med risiko /sårbarheit og beredskapsarbeid.</p>
		<p>Arealstrategiar - Landbruk Statsforvaltaren meiner vi har følgt opp innspela til planprogrammet om ulike typar jordbruksområde, og kulturlandskap.</p>	Ingen endringar i framlegg til plan.
		<p>Statsforvaltaren meiner det er naturleg å løfte kompetanse- og rekrutteringsplanlegging på helse- og omsorgsfeltet spesielt, inn i samfunnssdelen.</p>	Det er satt inn eit eige kulepunkt om rekrutteringsplanlegging under kap 2.9, delmål 5, Kommunen som organisasjon.
12	Administrative innspel	<p>Årdal kommune bør arbeide for at Årdal og Utladalen blir kjent som innfallsporten frå vest til Jotunheimen nasjonalpark.</p> <p>Årdal kommune bør arbeide for å få autorisasjon, av Klima- og miljødepartementet, for eit nasjonalparksenter i kommune.</p> <p>Årdal kommune bør arbeide for å få godkjent, av Klima- og miljødepartementet, at Folkevegen mellom Hjelle og Vetti får status som nasjonal turiststi.</p>	<p>Det er viktig at Årdal klarar å markere seg med ein annan innfallsvinkel enn dei andre nasjonalparkkommunane. Vi bør nytte vår spesielle situasjon med elvar og fossar, til å marknadsføre oss særleg i høve dette. Dei andre kommunane rundt nasjonalparken marknadsfører fjell og bre.</p> <p>Innspela vil gje eit godt grunnlag for å styrke fokuset rundt Årdal som nasjonalparkkommune, og kunne bidra til økonomi gjennom årlege løyingar frå staten.</p> <p>Det er gjort konkrete framlegg til nye punkt under kap 2.2., delmål 1 og 2.</p>
		<p>Bruke overskotsmassar frå bygging av vasskraft i Offerdalen til å vidareutvikle natur- og friluftsområdet på Seimsåsen.</p>	Det er behov for å deponere ein del steinmassar i dagen. Det vert avgjerande at dette skjer på ein måte som mest mogleg tek vare på viktig natur og naturtypar, samtidig som at vi kan nytte den til å vidareutvikle området i

			<p>Seimsåsen til å styrke fritidstilboda for innbyggjarane i Årdal.</p> <p>Har lagt inn eit nytt kulepunkt under kap 2.5, delmål 5.</p>
13	Årdal ungdomsråd	Ungdomsrådet peikar på mangel på hyblar og lite interesse for å leige ut. Dei meiner hyblar og andre husvære for ungdom er viktig for å få fleire til å bli i bygda	Innspelet er dekt av det generelle kulepunkt 1 under kap 2.3 delmål 2. Vi har likevel vald å legge inn eit nytt kulepunkt under same delmål, for å styrke fokuset på hyblar og liknande.
		Ungdomsrådet er oppteken at alt av ungdomsarbeid, som ungdomsklubbar m.m. vert forankra i planverket, mellom anna som del av ein bevisst førebyggingsstrategi og tidleg innsats	Desse innspela blir viktige å ta med inn i arbeidet med kommunedelplan for oppvekst. Vi har likevel tatt med eit kulepunkt under kap 2.5, delmål 5, for å forsterke dei perspektiva ungdomane her viser til om tidleg innsats.
		Dei peikar og på at det er for lite økonomiske midlar til ungdomsarbeid og kulturarbeid generelt i bygda, og at det er behov for større bredde i behova. Kommunen kan gjere dette sjølv eller samarbeide med andre for å få det til. Viktige grep for å styrke bukvalitetane.	I planen er det ikkje teke stilling til dei økonomiske råmene. Ungdomsarbeidet og dei kulturelle aktivitetane i bygda, vil bli vurdert i ein større bredde og djupne i kommunedelplanen for oppvekst. For å styrke fokus på bredde i tilboda har vi endra noko på fyrste kulepunkt i kap 2.5, delmål 5.
		I høve transport er dei opptekne av at det går for få bussar, at dei er for dyre å nytte og at folk i Årdal har därlege vanar ved å køyre for mykje. Dei kjem med konkret framlegg om eit eige kort for born og ungdom for at dei kan køyre billeg/gratis innanfor ei viss råme	Under kap 2.7 delmål 1, er det nettopp behova som m.a. ungdomsrådet og andre peikar på, ein må ha med seg når ein skal lage fleksible ordningar. Til FS si handsaming kom det inn eit kulepunkt under kap 2.7, delmål 1, som tek i vare det halldningsskapande arbeidet. Det er gjort framlegg om eit nytt kulepunkt under same delmål, om å greie ut alternative økonomiske ordningar for å få fleire unge til å nytte kollektivtilboda.